Innspel til rullering/revidering av kommuneplanen 2021

I sammband med rullering/revidering av kommuneplanen i Alver kommune ønskjer eg som eigar av grn.199 bnr.2, Haukås å setja av eit utmarksareal (NLF-område) på ca 70 dekar til bustadføremål. Innanfor dette området har eg sett av 4 delområder på ca 20-25 daa som er tenkt nytta til bustadtomter for einebustader. Frå før er det skilt ut 3 bustadtomter for einebustader i dette området, der berre 1 av parsellane er bygd ut med einebustadhus.

Området ligg på eit høgare platå enn våningshus og driftsbygningen samt den dyrka innmarka i Haukåsen og skrånar svakt oppover i nordvest og vestlig retning. Heile området har panoramautsikt mot Osterfjorden og ligg utanfor 100-m grensa mot sjø. Gjennom ei fornuftig planlegging vil alle einebustader kunne plasserast på ein god måte med fin utsikt utan å verta liggjande i silluett. Tidlegare var heile området dekka av hoggstmoden granskog som tidlegare er hogge ned og henta ut.

Med dei miljøkvalitetane som området ellers vil få med utvida avkjørsle til kommunalvegen og muligheit til å knytta seg til offentleg leidningsnett for vatn og kloakk, meiner eg området er svært godt eigna til bustadføremål for einebustadtomter. Området rundt meg er også i seinere tid utviklet til bustadformål og det vil da vera naturlig med tanke på det

kommunen har som føremål og utvikle med tanke på sentralisering og byutvikling. Dette er eit område med god nærleik til Knarvik og utbygging av industri på Eikanger. Dette er da i tråd med det kommunen signaliserer ut til folket med utvikling. Området er også unikt med tanke på at det blir lite sannsynleg med spekulativt salg og gjennomtrekk av beboere. Tar sikte på at kommunen er famsynt og ser at dette området er tjent med videre utbygging da det er i eit utviklingsområde og vil vera ein fin utviding av det som er bygd ut til no.

Er ellers ikkje kjent med at det er registrert noko funn av forminne eller andre viktige kulturminner innanfor planområdet.

Dersom innspelet verkar interessant kan vi saman ta ei synfaring og ein prat om det påtenkte bustadområdet.

Med vennlig helsing

Jan Otto Haukås

Jan Otto Haukås

Nordgardsvegen17

5915 Hjelmås




| | | |
|---|---|---|
| Boligområde | Komm.teknisk virksomhet | Båndl. etter lov om naturvern |
| Erverv | Friområde | Båndl. etter lov om kulturmin |
| Fritidsbebyggelse | Friområde idrettsanlegg | Båndl. etter friluftsloven |
| Offentlig bebyggelse | Skiløype | Nedsl.felt drikkevann |
| Bygninger med særskilt alm | Annet byggeområde | Omr. som skal reguleres PBL |
| Kommunaltekn. anlegg | LNF omr. u.best.om s.utbygg | Båndl. etter annet lovverk |
| Grav og urnelund | LNF omr. m.best.om s.utby | Særsk. bruk/vern av sjø/vasdr |
| Avfallsbehandling | Omr. for råstoffutvinning | Vann med restriksjon |

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.

**Lindås kommune**
Geodata avdeling

Dato: 2008.08.26
Sign: tvi

N

Målestokk:
1:2500